

Inge A. Johannessen

Fra: Roald Myklebusthaug <roald@mmred.no>
Sendt: tirsdag 26. januar 2021 09:21
Til: Linda Håland
Emne: VS:
Vedlegg: Print_A4S_04.01.2021_14.52.pdf; Print_A4S_04.01.2021_15.04.pdf

Fra: Asbjørn Nagell Toft <asbjorn.n.toft@austrheim.kommune.no>
Sendt: 4. januar 2021 15:20
Til: Roald Myklebusthaug <roald@mmred.no>
Kopi: Rolf Henning Myrmel <rolf.henning.myrmel@austrheim.kommune.no>
Emne: SV:

Til Roald Myklebusthaug

Takk for hyggeleg telefonsamtale. Eg har sett skissa di og har vurdert den slik.

1. Det er fornuftig med garasje, men ikkje bygg denne nærare enn om lag 4 meter frå nabogrensa mot naustområdet, det er byggjegrense i reguleringsplankartet her, sjå vedlagt skisse med stipla linje for byggjegrense.
2. Terrasse er ok.
3. Klubbhus som vist her er i strid med reguleringsplan. Det er byggjegrense mot fortau her og kommuneveg også. Eit bygg her vil kunne redusera trafikktryggleiken/sikta i krysset her, men og den vakre utsikta utover Nordre Fonnsvågen kan verta skadelidande her. Det er betre å renovera/byggje om eit eksisterande sjøhus/naust då. Om ynkjeleg kan ein prøve å byggje om/leige areal av Åge Gullaksen, Frode Gullaksen, Morten Sognnes, Harry Fønnes, Bjørg Myklebusthaug til klubbhus. Dette er på areal som er regulert til hus/næring. Sjå vedlagt plankart.
4. Viser elles til e-post som du har vedlagt som vart sendt til deg den 18. oktober 2019 frå Austrheim kommune. Der ynskjer me at parkeringsplass skal ha innkøyring nede og de kan til dykkar veg få på plass ei avkøyring oppe. Det vert då ein separat avkøyring som tilkomst til deg og Tore. Tilkomstvegen nedanfor kjellaren din vert då stengt for køyring. Då skil me privat tilkomst med den offentlege tilkomsten til parkeringsplass. Då kan me og laga betre skilje mellom p-plass og din eigedom. Til dømes hekk/gjerde.
5. Første steg no kan vera delingsøknad for parkeringsplass og tilkomstveg med avkøyringa. Nabovarslast.
6. Kartforetning/oppmålingssak. Rask handsaming dette.
7. Byggesøknad for parkeringsplass og ny tilkomstveg til deg og Tore. Ansvarleg firma.
8. Byggesøknad for garasje 8 x 10 meter. Ansvarleg firma.
(Desse to søknadane må og nabovarslast)

Slik den økonomiske situasjonen for Austrheim kommune er no vil me understreka at båtlaget eller andre må ta kostnaden med byggjesøknaden for parkeringsplassen og avkøyringa/tilkomstveg til denne lenger nede. Det er

naturleg at me no drøftar innløyising av parkeringsareal. Me set pris på om grunneigar her kan gje oss eit pristilbod her innan april 2021, då kan me prøva å få det inn i det reviderte budsjettet for 2021.

Ta gjerne kontakt om du lurar på noko.

Mvh.

Asbjørn Nagell Toft
avdelingsleiar

Fra: Roald Myklebusthaug <roald@mmred.no>

Sendt: mandag 4. januar 2021 14:23

Til: Asbjørn Nagell Toft <asbjorn.n.toft@austrheim.kommune.no>

Emne: SV:

Fra: Asbjørn Nagell Toft <asbjorn.n.toft@austrheim.kommune.no>

Sendt: 18. oktober 2019 10:20

Til: Roald Myklebusthaug <roald@mmred.no>

Kopi: Olav Mongstad <Olav.Mongstad@austrheim.kommune.no>; Rolf Henning Myrmel <rolf.henning.myrmel@austrheim.kommune.no>

Emne:

Til Roald Myklebusthaug

Austrheim kommune er positiv til dette tiltaket som du har peika på kan vera ei god løysing for alle partar. Saka er drøfta med vegsjefen i kommunen, Rolf Henning Myrmel.

Slik den økonomiske situasjonen for Austrheim kommune er no vil me understreka at båtlaget eller andre må ta kostnaden med byggjesøknaden for parkeringsplassen og avkøyringa/tilkomstveg til denne. Det er naturleg at me no drøftar innløyising av parkeringsareal. Me set pris på om grunneigar her kan gje oss eit pristilbod her innan oktober, då kan me prøva å få det inn i budsjettet for 2020. Om du kan drøfta dette med grunneigar som er i nær familie med deg så set me pris på det.

Kostnad med bygging parkeringsplass bør Båtlaget ta, etter vår meining. Elles skjer det lite her. Eg trur at om noko skal skje her må me ha gode pådrivarar lokalt. Me må såleis arbeida med å få på plass ein avkøyring nærare sjøen som vist i reguleringsplankart som tilkomst til parkeringsplass og nausta/sjøhusa der. Det er truleg best å ha tilkomst for desse føremåla her.

Etter dette er på plass vil me kunne ta i mot ein byggjesøknad for ny tilkomstveg til dykkar eigedomar som vist i skissa di. Det vert då ein separat avkøyring som tilkomst til deg og Tore. Tilkomstvegen nedanfor kjellaren din vert då stengt for køyring. Då skil me privat tilkomst med den offentlege tilkomsten til parkeringsplass. Då kan me og laga betre skilje mellom p-plass og din eigedom. Til dømes hekk/gjerde.



Ta kontakt om du lurer på noko.

Med venleg helsing

Asbjørn Nagell Toft
Avdelingsleiar
(56162141)

Fra: Roald Myklebusthaug [<mailto:roald@mmred.no>]

Sendt: torsdag 10. oktober 2019 11:28

Til: Asbjørn Nagell Toft

Kopi: Rolf Henning Myrmel

Emne: SV: Sendt fra Utklippetsverktøy

Hei Asbjørn,

Nå er det lenge siden vi snakket om denne saken. Er den ferdig behandlet så vi kan finne frem spaden å begynne ☺

Mvh

Roald

Fra: Asbjørn Nagell Toft <asbjorn.n.toft@austrheim.kommune.no>

Sendt: 30. juli 2019 13:59


Til: Roald Myklebusthaug <roald@mmred.no>

Kopi: Rolf Henning Myrmel <rolf.henning.myrmel@austrheim.kommune.no>

Emne: Sendt fra Utklippetsverktøy

Til Roald Myklebusthaug

Svært grov skisse!



Me tek etter mi skisse her ikkje regulert landbruksareal.

Du og Tore m.fl får utkøyring til kommunevegen der bilar til parkeringsplass og nyttar. Betingar vegsjef si godkjenning til avkjørsle.

Tilkomstvegen nedanfor kjellaren din vert stengt for køyring.

Utforming av parkeringsplass tek omsyn til din eigedom og fortau.

Austrheim kommune bør utarbeida ein plan for dette. Eg må drøfta dette med rådmann/ordførar og Rolf Henning Myrmel.

Kostnad med byggeplan/kjøp av areal må og truleg opp politisk. Kanskje inn i budsjettarbeidet for 2020 og. Kostnad med bygging parkeringsplass bør Båtlaget ta, etter mi meinig. Det er drøfta før.

Det betingar og at kommunen /søkjar får dispensasjon frå plan.

Mvh.

Asbjørn Nagell Toft